



Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til erfaringsutveksling på omsorgskonferansen "Føre var!" 28. og 29. september i Molde

Regjeringa vil skape ein enklare kvardag for folk flest gjennom å forenkle, fornye og forbetre offentleg sektor. I omsorgssektoren er dette arbeidet nært knytt til satsinga på innovasjon og oppfølging av Meld St 29 (2012–2013) Morgendagens omsorg.

Innovasjon handlar om å skape nytt, opne framtida for nye utvegar og mulegheiter. Det handlar og om å legge til rette for nye løysningar på problema som brukarar og tilsette møter i kvardagen.

Morgondagens omsorg er eit innovasjonsprogram som tek sikte på å utforme nye løysningar for framtidens omsorg saman med brukarar, pårørande, kommunar, ideelle organisasjonar, forskingsmiljø og næringslivet. Innovasjonsprogrammet skal bidra til utvikling og innføring av velferdsteknologi, nye arbeidsmetodar, nye organisasjonsløysingar og buformer som er tilpassa morgondagen.

Fylkesmannen forvaltar kompetanse- og innovasjonstilskot og prosjektskjønn. Begge desse tilskota stimulerer kvart år til innovasjonsarbeid i kommunane. Vi ønskjer å leggje til rette for at kommunane får gjennomført gode prosjekt og gode arenaer for erfarings- og kunnskapsutveksling. Ein slik arena vil vi etablere på årets omsorgskonferanse.

Vi inviterer med dette alle kommunar i Møre og Romsdal til å delta med posters el. på konferansen. Prosjektet treng ikkje å være ferdigstilt, men fortel om utfordringar, målet med prosjektet, kva har lukkast og kva problem ein har møtt undervegs. Dersom det blir stor interesse, tek vi atterhald om at vi må gjere eit utval av kven som kan delta.

Fylkesmannen vil stimulere kommunane å delta med stand på konferansen ved å gi kr 2000 for utgifter til å lage posters, brosjyrer o.l. I tillegg vil vi betale dagpakke for inntil to personar for den dagen kommunen deltek på stand.

Lenke til påmelding vil komme på Fylkesmannen sin nettside medio august under omsorgskonferansen [her](#)

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
fung.direktør

Greta I. Hanset

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

